

INNLEGG

Møt opp på Utvandrarfestivalen på Sletta!

Såg du TV-serien om Vikingbataljonen frå 2. verdskrigen? Vikingbataljonen var den norske Bataljonen som var ein del av dei amerikanske styrkane i Europa. Den heiter offisielt The 99th Infantry Battalion (separate). Den var med og kjempa for eit fritt Europa og Noreg i 1944-45. Minnesmerke over den norske vikingbataljonen står på Sletta på Radøy.

Under Utvandrarfestivalen på Sletta den 6. juli vert norske bragder i Amerika minna med ein seremoni som gjev eit blick attende til utvandrarane sin historie. Under seremonien vert det også ei høgtideleg kransenedlegging på dei mange bautaene på Utvandrarcenteret; på minnesmerket over vikingbataljonen, minnesmerket over krigsseglarane, minnesmerket over præriepresten frå Radøy, og dei andre minnesmerkene over personar som har gjort Norge kjend i Amerika. Dessuten går ein attende i historia til vikingtida og dei norskfolka øysamfunna rundt om i Nordsjøen, og

ikkje minst til fellesmonumentet for brorskapet mellom Noreg og Nord-Amerika.

Det er viktig med godt fram møte på Utvandrarfestivalen, viktig for festivalen sjølv, viktig for å gjere denne attraksjonen i Nordhordland kjend, og ikkje minst kjekt og interessant for dykk sjølve. De kan sjå den unike samlinga av bygg og utvandrarminner med landsby og kyrkje og ikkje minst får de eit blick inn i utvandrarhistoria frå Nordhordland.

Møt difor opp på Sletta laurdag den 6. juli og ver med å gjere dagen til ein folkefest.

Sjåast me?

John Pettersen
krigsveteran



UTSTYR FRÅ KRIGEN: På utvandrarfestivalen på Sletta kan ein mellom anna sjå utstyr og kjøretøy av same type som The 99th Infantry Battalion brukte.

Hordaland fortjener verdens beste veier

Fremskrittspartiet er det eneste norske partiet som representerer et reelt alternativ til dagens samferdselspolitikk. Våre motstandere mener vi er uansvarlige, til tross for at alle andre europeiske land er innforståtte med at veibygging bør betraktes som en investering og ikke som forbruk.

Landets fremste økonomer i Statistisk Sentralbyrå, fastslår at det er rom for å øke årlige investeringer til infrastruktur med 45,5 mrd. kr, uten store konsekvenser for økonomien. FrP vil ta i bruk dette handlingsrommet.

Andre partiers politikk har ført til at Norge har et av verdens eldste veinett. I årevis har vei vært sist i prioriteringsrekken. Hvorfor skal Norge ha dårligere veier enn alle våre naboland og hvorfor skal Vestlandet ha dårligere veier enn resten av landet?

Hver kilometer motorvei blir stadig dyrere å bygge og næringslivet har dårligere veier enn konkurrenter i andre land, samtidig innehar staten enorme oljerikdommer. Å bruke oljefondet på aksjer som i snitt har gitt 2,5 prosent avkastning, mens ekspertene mener investering i vei gir 3,5 ganger tilbake. P.g.a. den store verdiskapningen i Hordaland er veiinvesteringer ekstra lønnsomme her.

Vi har ikke råd til ikke å in-

vestere i veinettet. FrPs alternative nasjonale transportplan legger opp til å bruke 455 mrd. kr. mer på samferdsel de neste ti årene enn regjeringen. I tillegg til igangsetting av nye prosjekter, vil vi ta igjen det enorme vedlikeholdsetterslepet på riks- og fylkesveier samt opprette to nye statsforetak, ett på vei og ett på jernbane.

I NTP legger vi blant annet opp til fergefri firefelts vei på E39. Nyborgtunnelen skal også påbegynnes i perioden 2014-2017.

Tverrsambandet som vil knytte Nordhordland sammen med Askøy og Øygarden ligg også inne som et av de prosjektene FrP ønsker å realisere.

Bergen trenger et fullt utbygget ringvegssystem for å få løst transport-, trafikk og miljøproblemer. FrP går inn for at tredje del av Ringvei vest fullføres og at bygging av Ringvei øst fra Fjøsanger til Arna påbegynnes i perioden 2014-2017.

Partiet legger også opp til styrket rassikring på E16 mellom Voss og Bergen.

Nytt Sotrasamband fullt finansiert av staten er et prosjekt som burde vært oppstartet for flere år siden. FrP vil derfor prioritere dette prosjektet.

I tillegg setter FrP av penger for å ta igjen det enorme vedli-

keholdsetterslepet på riks- og fylkesveier. Med 25 milliarder kroner mener partiet man kan ta igjen forfallet på riksveiene på ti år, og med 55 milliarder kroner vil man gjøre det samme på fylkesveinettet over en periode på 15 år.

Vi legger inn 97,5 mrd. kroner for å slette bompenger på samtlige av regjeringens foreslåtte prosjekter. All veibygging skal selvsagt gjennomføres uten bompenger.

Det er ikke bare vei som prioriteres av FrP som blant annet går inn for tog fra Flesland flyplass via Fyllingsdalen og Bergen sentrum til Åsane.

FrP vil også starte bygging av nordlig innseiling til Bergen i første fireårsperiode, og at det brukes statlig reguleringsplan på prosjektet for å unngå ytterligere forsinkelser.

Hordalendingene har derfor mye å glede seg til dersom FrP får makt etter høsten valg.

Gjermund Hagesæter,
stortingsrepresentant FrP

Glad i lokalavisa?

Synest du det er heilt i orden at lokalavisa di forsvinn? I så fall treng du ikkje lese vidare. Alle andre bør gjere det.

Valet til hausten er eit rettingsval for landet. Ei H/FrP-regjering – altså ei regjering til høgre for partiet Høgre – vil vere noko heilt nytt i norsk historie. Og prisen for nye fjes i regjeringslokala er ei rekkje politiske endringar som blir vanskelege å rette opp seinare. Eitt eksempel er pressestøtta. Ei nedlagt lokalavis er tung å starte opp att.

Pressestøtta er ein klassisk kuttpost for Høgre og FrP. I sine siste alternative budsjett kuttar Høgre ein tredel, FrP over halvparten, i ei ordning som har fungert godt sidan 1969. Den gongen sleit mange aviser med å overleve. I Noreg innførte vi pressestøtta og har klart å halde på eit breitt avismangfald i heile landet. I Danmark gjorde dei ikkje dette, og mista svært mange aviser.

No er Media-Noreg inne i tid med digital omstilling. Men grunnlaget for dette vil òg vakle dersom H/ Frp får gjennomslag for sine kutt.

Høgrepartia gløymer fort sine festtalar om mangfald og valfridom når pressestøtta er tema. Dei tek lett på

avisdød blant meiningsberande riksaviser og konkurranseskjerpende nummer to-aviser. Når det gjeld dei populære lokalavisene, er dei meir varsame. Det er lett å skjønne. Lokalavisa handlar om samkjensla i lokalsamfunnet, og livskvalitet i kvar dagen for den enkelte.

Men sanninga er denne: Ei H/FrP regjering må kutte der ho kan for å dekkje inn skattekutta til norske millionærar. Og verken Høgre eller FrP skriv noko i programma sine om at lokalavisene skal skjermast.

FrP skriv tvert imot følgende: «Et lands presse er ikke uavhengig dersom den er avhengig av støtte fra staten.» Hadde partiet lese lokalaviser framfor å grave seg ned i marknadsøkonomiske skrivebordsteoriar, ville dei vite at norske regjeringar får solide dosar kritikk frå og gjennom lokalavisene. I Arbeidarpartiet tolerer vi dette, og vil ha lokalaviser også i framtida.

Hadia Tajik (Ap),
kulturminister